

Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
20.03.2024 23/57449- 10 Thomas Finnøy

Saksnr.	Utval	Møtedato
12/24	Vestlandsrådet	10.04.2024

Orienteringssak - Organisering av sekretariatsfunksjonen

Vestlandsrådet 10.04.2024 - sak 12/24

Behandling

16 voterande.

Vedtak:

Saka blei tatt til orientering.

Informasjon om iverksatt endring i organiseringa av sekretaratsfunksjonen

Sekretariatsfunksjonen i Vestlandsrådet har vore organisert på forskjellige måtar, der det også har vore ein fast sekretariatsfunksjon. I dei seinare år har sekretariatsleiar følgd leiar for rådet, altså med skifte årleg. Det har også vore mykje utskifting av personar frå fylka tilknytt sekretariatet, med bl.a. innleie av eksterne ressursar.

Administrative funksjonar som heimeside, økonomi/rekneskap og dokumenthandtering/arkiv har følgd leiar for rådet, og slik vorte overført frå fylkeskommune til fylkeskommune kvart år. Dette har resultert i mykje frustrasjon og meirarbeid i administrasjonane, samt at det hasr resultert i mellom anna at Vestlandsrådet manglar eit fullgodt arkiv.

I forbindelse med Workshopen for Vestlandsrådet 10.januar ble det stilt spørsmål om organiseringa av Sekretariatsfunksjonen i Vestlandsrådet. Det blei stilt spørsmål om det ville være tenleg med fast sekretariat, eller rullering som i dag men med økt funksjonstid – for

eksempel 2 år. Det ein ønska var betre kontinuitet i arbeidet.

Etter dette har Administrasjonen i fylka ved fylkeskommunedirektørane har bestemt det følgande:

1. Dei administrative funksjonane blir plassert fast i fylkeskommunane slik:
 - Økonomifunksjon vert lagt til Rogaland fylkeskommune
 - Dokumenthandtering/Arkiv vert lagt til Møre og Romsdal fylkeskommune
 - Heimeside/kommunikasjon vert lagt til Vestland fylkeskommune

2. Vidare er det bestemt at fylkesdirektørane utpeikar ein fast person som skal være tilknytt Vestlandsrådet på fast basis. Ein vidarefører ordninga der skifte av sekretariatsleiar følgjer skifte av leiar i Vestlandsrådet, og har kontorstad i same fylke. Rolla vert tildelt og ivaretatt av den faste kontaktpersonen som er utnemnd i kvart fylke. Dei faste kontaktpersonane som ikkje har sekretariatsleiarrolla, understøtter og bidreg i det administrative arbeidet i Vestlandsrådet.

Begge desse tiltaka er iverksett for å ivareta kontinuitet og få til ein meir rasjonell sekretariatsfunksjon.

Endringane som er iverksett, var understøtta av vedtak i Vestlandsrådets arbeidsutval 14.03.2024 - sjå protokoll vedlagt.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Vedlegg
Protokoll - Vestlandsrådets arbeidsutval 14.03.2024

